



Vår saksbehandlar:
Sverre Olav Svarstad

Direkte telefonnr.:
53 42 30 52

Vår dato:
31.01.2006
Dykkar dato:

Vår referanse:
2005/3088-2199/2006-101
Dykkar referanse:

Det Kongelige Kommunal- og Regionaldep.
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

KOMM. OG REG. DEP

- 1 FEB 2006

05 13280 - 127


Ark: 661.0


Avd. KO 140 1 HER

HØYRINGSUTTALE FRÅ BØMLO KOMMUNESTYRE - NOU 2005:18

Vedlagt følger høringsuttale frå Bømlo kommunestyre 30.01.06. Sak 2005/3088 – NOU:18 –
Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar

Med helsing
BØMLO KOMMUNE

 **BØMLO KOMMUNE**
Fellessekretariatet

 Sverre Olav Svarstad
Rådmann

VEDLEGG
05/3280 - 127

HØYRING - NOU 2005 : 18

FORDELING, FORENKLING, FORBETRING - INNTEKTSSYSTEMET FOR
KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Rådmannen sitt framlegg til uttale

1. Opplegg for utgiftsutjamninga

Utvalet sitt opplegg for analyse og val av metoder og grunnlagsdata (m.a KOSTRA – tall) ser ut til å vera godt grunngjeve og er grundig og objektiv.

Rådmannen er samd i at nøklane bør verta gjenstand for revidering oftare enn kvart 10. år

Dersom datagrunnlaget ikkje er godt nok til å fange opp kapitalkostnader i utgiftsutjamninga, bør det verta arbeidd vidare for å få sikre kriterier på dette området, slik at kostnadsnøkkelen kan fange opp denne utgiftsposten.

Busetnadsriteria skal fange opp ulikskaper i frivillige utgifter i samband med reiser / avstand til særlege skular og helsetenester. Utvalet har teke vekk ” berekna reisetid til kommunesenteret ” som er i dagens nøkkel, fordi ein ikkje ser særleg samanheng med dei utgifter som busettingskriteriet skal fange opp.

Utvalet har ført vidare Sone og Nabo som kriterier, og rådmannen meiner det er ei forenkling som ikkje får negativ verknad på treffryggleiken for busettingskriteriet. Det kan likevel reisast spørsmål med om storleiken på ein sone med minst 2000 innbyggjarar som samstundes skal vera ein geografisk eining som svarar til organsiering av grunnskuletilbodet i ein kommune er rell i alle kommunar .

2. Nye kostnadsnøkler for kommunane

Utarbeiding og revidering av nye kostnadsnøklar er basert på eit fagleg arbeid og konklusjonane virker vel grunngjevne og ankra i separate analyser utført av kompetente institusjonar.

Vertskommunar for tidlegare HVPU – institusjonar med mange psykiske utviklingshemma kjem veldig dårlig ut fordi kriteriet psykisk utviklingshemma har mindre vekt. Det er synt til at det særskilte tilskotet til ressurskrevjande brukarar vil dekke opp for mykje av dette, men det vil vere krav til vesentlege eigendelar i høve til eit slik tilskot, og det vil såleis berre kompensere for ein del av reduksjonen.

Dei kommunane det her gjeld har teke på seg ei oppgåve for andre kommunar og fått løfte om ein kompensasjon for dette. Denne kompensasjonen kan ein ikkje på ein slik tilfeldig måte redusere.

Det kan også sjå ut som at den nye nøkkelen for barnehagar ser vekk frå at den kan vera skeivfordeling av smådriftsulemper i kommunesektoren. Forsking syner at små barnehagar har vesentlege smådriftsulemper. I tilknytting til innlemminga av barnehagetilskotet i inntektssystemet burde det vore vurdert om det er overvekt av små barnehagar i til dømes distrikts – og utkantskommunar og eventuelt drøfta kva implikasjonar dette burde få. Med andre ord ei vurdering av kva storleik ein barnehage ideelt sett bør ha for å få ei effektiv drift i forhold til inntektssystemet.

3. Oppdatering av busettingstall og utfordringa rundt vekstkommunar

Ein aksept av at vekst koster fører også til at det vil vera urimeleg å ikkje ta omsyn til det i utgiftsutjamninga i ein eller annan form. Utvalet syner til at ein vekst vert ivaretaken gjennom skjønsmidlar. Det kan vera ei god løysing for nokre kommunar som har mellombels vekst men mindre bra for kommunar med vedvarande vekst.

4. Prognosebasert inntektsutjamning

Med utgangspunkt i trong for forutsigbare inntektsrammer som grunnlag for stabile kostnader og tenestetilbod, kan utvalget si tilråding om prognosebasert inntektsutjamning vera ei bra løysing.

5. Redusert skjønstilskot

Utvalet tek til orde for at skjønstilskotet skal om lag halverast. Det er uvisst korleis dette slår ut for einskildkommunar, og gjer det vanskelig med ei samanlikning av eksisterande system.

Storleiken på skjønstilskot bør reflektere i kor stor grad inntektssystemet gjev den profilen Stortinget ynskjer. Eit godt system krev lite skjønstilskot, eit mindre godt system mykje. Eksperter vil alltid meine at ei har kome med eit godt system og såleis rå til lite skjø. Storleiken på skjønet bør overlatast til politisk side.

Skjønstilskotet må til ei kvar tid vurderast politisk ut frå den trong ein ser for å oppnå ein fordelingsprofil som ikkje vert ivareteke av inntektssystemet.

6. Nytt distriktpolitisk tilskot

Under føresetnad av at indikator – systemet for kommunane når det gjeld distriktpolitisk støtte til næring også er eit godt system når det gjeld distriktsutfordringane for primærkommunane, så vil utvalet sitt framlegg vera eit meir treffsikkert og rettferdig fordelingsystem for eit distriktpolitisk tilskot som ein del av inntektssystemet enn den ordninga me har i dag.

Opplegget har likevel mange avgjerande faktorer som vert skjønsmessig bestemt og er meir politikk enn fag.

7. Rammestyring og konkurranseutsetting

Rammefinansiering av kommunesektoren er godt gjennomførbart saman med konkurranseutsetting. Like ordningar på tvers av sektorane og framlegget om å overføre tilskotet til private skular til kommunen er positivt. Det er likevel ynskjeleg med ei betre utgreiing av konsekvensane av dette for einskildkommunane.

8. Handsaming av kommunestorleik

Inntektssystemet må ikkje utformast slik at det og fører til ny debatt om kommunestruktur. Det må vera ei rein politisk oppgåve som er basert på vedtak i demokratisk valde politiske organ.

Saksprotokoll i Formannskapet - 17.01.2006

Innstilling:

Formannskapet innstiller samrøystes overfor kommunestyret i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 30.01.2006

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak i samsvar med formannskapet si innstilling.

Svortland, 31.01.06

Rett utskrift:

 **BOMLØ KOMMUNE**
Fellessekretariatet